

Den kongelege Finansdepartement  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO  
[postmottak@fin.dep.no](mailto:postmottak@fin.dep.no)

Dato: 16.03.2010

Deres ref: 10/841 SL LRD/RLa

## **HØYRINGSSVAR PÅ FRAMLEGG TIL UTVIDA MEIRVERDIAVGIFT PÅ KULTUR- OG DRETTSOMRÅDET.**

Viser til Høyringsbrev av 16.2.2010 om framlegg til utvida meirverdiavgiftsplikt på kultur- og idrettsområdet.

Hardanger og Voss museum ser svært positivt på framlegget om innføring av "kulturmoms". Musea er i dag ein viktig samfunnsaktør rundt om i landet, og tilfører lokalsamfunna betydelege ressursar både som kunnskapskapital og som kulturnæring. Museumsreforma har medført stor aktivitet på feltet og auka investeringsbehov. Momsreforma vil medføra ei avgiftslette som vil ha stor tyding for musea.

Hardanger og Voss museum er eit museum der deler av verksemd har vore innafør momsområdet, og andre deler har vore utanfor. Med den nye ordninga vil større deler av verksemda bli momspliktig, og dette vil medføra ei administrativ forenkling.

Når det gjelder andre kommentarar og anbefalingar, sluttar Hardanger og Voss museum seg til Noregs museumsforbund sitt høyringssvar.

Med venleg helsing  
Hardanger og Voss museum

Lars Ragnvald Djupevåg  
Styreleiar

Trude Hoflandsdal Letnes  
Direktør

